

Årsberetning medlemsbladet «Fugler i Telemark» 2023

v/ redaktør Kjell Bitustøyl

Bladet har kome med to nummer som tidlegare år, bygt over same lest. Redaktøren har tatt meir og meir over designarbeidet med bladet, siste nummer, nr. 2 2023 som kom i desember, var i så måte sett opp berre med litt hjelp heilt i innspurten. Datoane for utgjeving av bladet har fylgd oppsett plan og er slik ei forbetring frå året før. Stofftilgangen har vore god, slik at baa nummera har hatt 40 sider, mot 36 året før, dvs. 2022. Dette tilseier at ein no må sjå på moglegheita for å leggje om til eit større format, blant anna for å yte dei mange flotte fotografia me får inn meir rettferd. Baa nummera dette året har hatt portrettintervju, med Erlen Landsverk frå Sauherad og Steinar Sannes frå Kragerø. Elles har det vore ei god blanding av stoff frå ulike delar av fylket. Redaktøren har òg i baa nummer hatt med bokomtalar. Fuglevernpris frå BirdLife Norge til Grenland lokallag kan nemnast som ei ekstra gledeleg hending som fekk omtale. Likeins har me halde oppe fokuset på heile fylket, blant anna gjennom ein reportasje frå fuglelivet i fjell-Telemark og eit referat frå møte om fuglelivet på Hardangervidda, eit samarbeid på tvers av fylkesgrensene som har kome etter eit initiativ frå BirdLife Telemark. 50 år med sjøfugteljingar i Telemark var òg ein viktig rapport som kom i nr. 2. Så er det verdt å ta med at den yngre garde fugleinteresserte også har bidrege i baa nummer av bladet: I nr. 1 skreiv to ungdomsskuleelevar, Synnøve Semb og Margrethe Halvorsen, om arbeidsveka på Jomfruland fuglestasjon, og i nr. 2 skreiv Sondre Fink (15) om si oppleving av fuglelivet på Jomfruland i 2023, der særleg ringmerking var eit tema. Eit nytt BirdLife-lag som skal stiftast i Telemark på nyåret, BirdLife Indre Telemark, fekk òg omtale i nr. 2.